



HJARTDAL  
KOMMUNE

# VEGEN

# MOT EIN NY KOMMUNE



<b>Møte for alle</b>	Måndag 23/2 kl 18.00-20.00	Tuddal oppvekstsenter
<b>Møte for innbyggjarar under 30 år</b>	Måndag 2/3 kl 18.00-20.00	Nordbø pensjonat
<b>Møte for næringslivet</b>	Torsdag 5/3 kl 08.00-10.00	Klubbhuset i Sauland

***Informasjonsbrev nr 1***

# Kjære innbyggjar!

Kommune-Noreg er i endring.

Det kommunekartet som blei teikna på 1960-talet vil i løpet av dei nærmaste åra bli endra. Korleis vil dette påverke deg som innbyggjar? Korleis kan du som innbyggjar påverke dette?

Hjartdal kommune ønskjer både å informere og involvere deg som innbyggjar i denne prosessen.

## Bakgrunn

Stortinget har vedteke at det skal gjennomførast ei kommunereform. Stortinget vil fatte vedtak i inneverande stortingsperiode (2013-2017).

Stortinget har vedtatt følgjande overordna mål for reforma:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Bærekraftige og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati

## Lokal prosess

Hjartdal kommunestyre har vedteke ein lokal prosess i tre fasar:

Fase	Periode	Tema
Analyse av dagens situasjon	1. tertial 2015	Styrker og svakheiter Truslar og mogelegheiter Utviklingstrekk Aktuelle partnarar
Vurdering av alternativ	2. tertial 2015 - 1. tertial 2016	Nye oppgåver til kommunane Vurdering av kriteria Mogelegheitsbilete Vurdering av alternativ Sondering/drøfting/forhandling
Konklusjon	1. halvår 2016	Formell høyring Oppsummering Intensjonsavtale Tilråding Endeleg vedtak

## Organisering

Det lokale arbeidet er organisert som eit prosjekt med følgjande organisering:

Prosjekteigar	Kommunestyret
Styringsgruppe	Formannskapet
Prosjektleder	Rådmannen
Referansegruppe	Arbeidstakarorganisasjonane

Hovudmål:

- Prosjektet skal gi kommunestyret eit grunnlag for å fatte vedtak om framtidig kommunestruktur.

## Informasjon og medverknad

Du som innbyggjar kan holde deg orientert ved å:

- lese og ta vare på desse informasjonsskriva
- følgje med å kommunen si nettside og facebookside
- delta på møter
- følgje med i media



Kommunestyret vil gjerne vite kva innbyggjarane meiner. Vi vil derfor leggje til rette for at du skal kunne gi uttrykk for din meining.

- delta på dei møta som blir arrangert
- skriv på vår facebookside
- spørjeundersøking eller folkeavstemming

Kommunestyret vil seinare bestemme om det skal gjennomførast spørjeundersøking eller folkeavstemming.

# Kva vil skje vinter/vår 2015

I denne første fasa vil vi fokusere på oss sjølv;

- Kva er Hjordal kommune sine sterke sider i dag?
- Kva for svakheiter er det ved Hjordal kommune i dag?
- Kva for moglegheiter vil det vere å halde fram som eigen kommune?
- Kva for moglegheiter vil det gi å slå seg saman med andre kommunar?
- Kva for truslar vil det vere ved å halde fram som eigen kommune?
- Kva for truslar vil det vere å slå seg saman med andre kommunar?
- Kor har du din identitet?

## Det vil bli gjennomført følgjande møte:

**Møte for alle** måndag 23/2 kl 18.00-20.00  
på Tuddal oppvekstsenter. Kaffi med noko attåt.

**Møte for innbyggjarar under 30 år** måndag 2/3 kl 18.00-20.00  
på Nordbø pensjonat. Suppe.

**Møte for næringslivet** torsdag 5/3 kl 08.00-10.00  
på Klubbhuset i Sauland. Rundstykker.

## Møt opp - bli med på å forma framtida



HJARTDAL  
KOMMUNE

[www.hjordal.kommune.no](http://www.hjordal.kommune.no)  
[www.facebook.com/Hjordalkommune](https://www.facebook.com/Hjordalkommune)  
[postmottak@hjardal.kommune.no](mailto:postmottak@hjardal.kommune.no)

Hjordal kommune  
Saulandsvegen 414  
3692 SAULAND

Tlf. 35 02 80 00